



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 16.06.2016
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Erlend Koppen	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Hild Våge	AP
Jenny Venås	Edvin Dale	FRP
Einar Børtveit	Erlend Koppen	KRF
Jan Henning Egset	Magnar Sunde etter kl. 17:00	AP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjørgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef – sakene PS 74/16 og 75/16
Asbjørn Moltudal	Rådgjevar – sak PS 76/16
Bente Engeseth	Konsulent – sak PS 78/16
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef – sakene PS 84/16 og 85/16

I tillegg møtte Andreea Beleuta, Inger-Johanne Johnsen og Vibeke Vikestad Berge frå administrasjonen.

Det var 27 røysteføre til stades i møtet.

Magnar Sunde fekk permisjon og gjekk kl. 17:00 etter handsaming av sak PS78/16. Jan Henning Egset tok sete som vara for han.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 72/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 73/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 74/16	1. Tertialrapport 2016
PS 75/16	Korrigering av budsjett 1.halvår 2016
PS 76/16	Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ
PS 77/16	Kulturminneplan - Oppstart av planarbeid
PS 78/16	Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020
PS 79/16	Kommunen sin kriseberedskap -Planverk mm
PS 80/16	Bustadfelt K10- Engeset/ KleppFastsetjing av tomtepris
PS 81/16	Planid 200700-01 - Volda Fergekai- rv. 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvaltningsstyret sak PS86/15 - 8.12.2015
PS 82/16	Søknad om midlar til kartlegging av prosjekt "Destinasjon Volda"

- PS 83/16 **Opprette fleire lærlingstillingar i Volda kommune**
- PS 84/16 **Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016**
- PS 85/16 **Framlegg til tiltak for å betre resultatane i basisfaga norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget**
- PS 86/16 **Val av forliksråd for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020**
- PS 87/16 **ORIENTERINGSSAKER**
- OS 26/16 **Søknad om Regionale utviklingsmidlar for delfinansiering av forprosjekt - Volda kunnskapspark**
- OS 27/16 **Mellom Bygningane i Volda - referat styringsgruppemøte 25.05.2016**
- OS 28/16 **Søknad om utsett frist til å ta stilling til kommunesamanslåing som kryssar fylkesgrensa**
- OS 29/16 **Samferdselpakke Volda Ørsta - 24.05.2016 - arbeidsmøte Ørsta**
- OS 30/16 **Forvatningsrevisjon barnevernet - orientering om nytt prosjekt**
- OS 31/16 **Fråsegner frå Noregs Mållag**
- PS 88/16 **DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE**
- DS 97/16 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 6/35**
- DS 98/16 **Løyve til tiltak, bustad med integrert garasje Gbr 20/375**
- DS 99/16 **Ferdigattest Gbr 20/594**
- DS 100/16 **Ferdigattest, hytte Gbr 135/4**
- DS 101/16 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 30/202**
- DS 102/16 **Ferdigattest, altan/påbygg Gbr 17/61**
- DS 103/16 **Løyve til tiltak, tilbygg og fasadeendring Gbr 34/2**
- DS 104/16 **Løyve til tiltak, gjerde Gbr 20/380**
- DS 105/16 **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 144/2**
- DS 106/16 **Ferdigattest, endring av skilt/reklame Gbr 30/231**
- DS 107/16 **Ferdigattest, bustad Gbr 21/154**
- DS 108/16 **mellombels bruksløyve, nyebygget Gbr 30/194**
- DS 109/16 **Løyve til tiltak, redskapshus Gbr 25/2**
- DS 110/16 **Dispensasjon frå krav i TEK10**

PS 72/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 09.06.16. Møtet vart annonsert i «Møre» den 11.06.16.

Roald Espset peika på at det ikkje er lett å få fram sakspapira på Volda kommune si heimeside. Han etterlyste tiltak for å betre på dette.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Arild Iversen stilte spørsmål med kvifor det var hast med å handsame k-sak 76/16 og viste til vedtak i kommunestyret den 26.05.16. Ordføraren svara at fylkesmannen krev at kommunen gir eit svar innan 1. juli.

Røysting:

Saklista frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Dokument lagt ut på lesebretta den 15.06.16:

- Møteprotokoll frå møte i formannskapet den 14.06.16 der formannskapet ga si tilråding til K-sakene PS 81/16, PS 76/16 og PS 82/16
- Vedlegg til K-sak PS 76/16 – Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersøking i høve til Hornindal og Stryn – gjennomført i mai/juni 2016
- Vedlegg til K-sak PS 76/16 – Notat frå rådmannen datert 13.06.16

Dokument utdelt på møtet:

Tilråding frå valnemnda i K-sak PS 86/16 – Val av forliksråd for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

PS 73/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 26.05.16 vart samrøystes godkjent.

PS 74/16 1. Tertialrapport 2016

Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:

- 1. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.*
- 2. Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
- 3. Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

- 1. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.*
- 2. Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
- 3. Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

PS 75/16 Korrigering av budsjett 1.halvår 2016

Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:

- 1. Frie inntekter vert auka med kr 1.300.000*
- 2. Integreringstilskot vert auka med kr.140.000*
- 3. EMI-tilskotet vert auka med kr 879.500,-.*
- 4. Vertskommunetilskotet vert auka med kr 397.000,-.*
- 5. Minimumsavdraget vert redusert med 3,5 mill kr*
- 6. Utbytte frå Tussa vert auka med kr 126.000.*
- 7. Budsjettramma til Teknisk vert auka med 2,5 mill kr*
- 8. Budsjettramma til opplæring og oppvekst vert auka med kr 600.000*
- 9. Disposisjonsfondet vert styrka med kr. 4.242.500.*
- 10. Det vert sett av kr 40.000 til kulturbyggingsnemnda på rådhuset. Finansiering vert ved å redusere ramma til personal og organisasjonsstaben (kr. 25.000) og økonomistaben (kr. 15.000).*
- 11. Det vert gjort følgjande endringar på investeringsbudsjettet:*

- *Det vert løyvd kr 210.000 til innkjøp av videokonferanseutstyr. Finansiering vert ved bruk av ubundet investeringsfond.*
- *Det vert løyvd kr.70.000 til branndepot på Lauvstad. Finansiering vert ved bruk av ubundet investeringsfond*
- *Det vert brukt 9 mill kr av ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet til å medfinansiere EPC- prosjektet (jmftr tabell i saksutgreiinga).*

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes, SP, kom med fylgjande tilleggsframlegg:

Nytt punkt 12: Volda kommunestyre ønskjer auka engasjement og rekruttering av kvinner til politikken. Budsjetttramma til politikk vert styrka med 10000 kroner. Midlane skal merkast med Kvinnepolitisk tiltak.

Dersom punkt 12 vert vedteke

Endring punkt 9. Redusert styrking av disposisjonsfondet til

9. Disposisjonsfondet vert styrka med kr. 4.232.500

Dan Bjørneset, H, kom med framlegg om å stryke 3. kulepunkt i pkt. 11.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som alternativ til siste delen av Rebecca Riise Bjerknes sitt framlegg:

Pkt. 12 vert oversendt til formannskapet for å finne dekning.

Røysting:

Fyrste avsnitt (pkt. 12) i Rebecca Riise Bjerknes sitt framlegg med framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og tilrådinga frå formannskapet med framlegget frå Dan Bjørneset, fekk tilrådinga frå formannskapet åleine 25 røyster og vart vedteke. Tilrådinga med framlegget frå Dan Bjørneset fekk to røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

- 1. Frie inntekter vert auka med kr 1.300.000***
- 2. Integreringstilskot vert auka med kr.140.000***
- 3. EMI-tilskotet vert auka med kr 879.500,-.***

4. *Vertskommunetilskotet vert auka med kr 397.000,-.*
5. *Minimumsavdraget vert redusert med 3,5 mill kr*
6. *Utbytte frå Tussa vert auka med kr 126.000.*
7. *Budsjettramma til Teknisk vert auka med 2,5 mill kr*
8. *Budsjettramma til opplæring og oppvekst vert auka med kr 600.000*
9. *Disposisjonsfondet vert styrka med kr. 4.242.500.*
10. *Det vert sett av kr 40.000 til kulturbyggingsnemnda på rådhuset. Finansiering vert ved å redusere ramma til personal og organisasjonsstaben (kr. 25.000) og økonomistaben (kr. 15.000).*
11. *Det vert gjort følgjande endringar på investeringsbudsjettet:*
 - *Det vert løyvd kr 210.000 til innkjøp av videokonferanseutstyr. Finansiering vert ved bruk av ubundet investeringsfond.*
 - *Det vert løyvd kr.70.000 til branndepot på Lauvstad. Finansiering vert ved bruk av ubundet investeringsfond*
 - *Det vert brukt 9 mill kr av ubrukte løyvingar på investeringsbudsjettet til å medfinansiere EPC- prosjektet (jmfr tabell i saksutgreiinga).*
12. *Volda kommunestyre ønskjer auka engasjement og rekruttering av kvinner til politikken. Budsjettramma til politikk vert styrka med 10000 kroner. Midlane skal merkast med Kvinnepolitisk tiltak.
Pkt. 12 vert oversendt formannskapet for å finne dekning.*

PS 76/16 Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ.

Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret:

I Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei framømte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0.9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.

3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).

4. Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.

5. Sidan innbyggargranskinga viser klar tilslutning til samanslåing, finn Volda kommunestyre at det ikkje er turvande med folkerøysting.

Handsaming:

Fylgjande dokument var lagt ut på lesebretta den 15.06.16:

- Møteprotokoll frå møte i formannskapet den 14.06.16 der formannskapet ga si tilråding til k-sak PS 76/16
- Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersøking i høve til Hornindal og Stryn – gjennomført i mai/juni 2016
- Notat frå rådmannen datert 13.06.16

Gunnar Strøm kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 4 og 5:

Volda kommunestyre ønsker at Volda kommune skal slå seg saman med Hornindal kommune. Før endeleg vedtak skal det haldast folkerøysting.

Arild Iversen kom med fylgjande felles framlegg på vegne av Krf og Frp som alternativ til pkt. 5 og nytt pkt. 6.

Nytt pkt 5:

Resultatet av innbyggjarundersøkinga om Volda, Stryn og Hornindal gir ikkje eit klart råd til Volda kommune om samanslåing.

Nytt pkt 6:

Før kommunestyret gjer endeleg vedtak om eventuell samanslåing mellom Volda og Hornindal, skal det difor i månadsskiftet august-september haldast folkerøysting. Endeleg vedtak skal gjerast i løpet av september

Det vart halde gruppemøte.

Arild Iversen trekte fellesframlegget på vegne av Krf og Frp og slutta seg til Gunnar Strøm sitt framlegg. Framlegget frå Gunnar Strøm vart då å rekne som eit fellesframlegg frå SV, Krf og Frp.

Prøverøysting:

Fellesframlegget frå Sv, Krf og Frp fekk 16 røyster. 11 røysta mot.

Røysting:

Pkt. 1, 2 og 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 4 og 5 i formannskapet si tilråding og fellesframlegget frå SV, Krf og Frp, fekk fellesframlegget 14 røyster og vart vedteke. Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.

3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggjargranskinga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggjargransking og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).

4. Volda kommunestyre ønsker at Volda kommune skal slå seg saman med Hornindal kommune. Før endeleg vedtak skal det haldast folkerøysting.

PS 77/16 Kulturminneplan - Oppstart av planarbeid

Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 kommunestyret:

- 1. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgave å setje saman prosjektgruppe.*
- 2. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:*

<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad:</i>	<i>kr 100 000,-</i>
<i>Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond)</i>	<i>kr 40 000,-</i>
<i>Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service</i>	<i>kr 60 000,-</i>

Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

- 1. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgave å setje saman prosjektgruppe.*
- 2. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:*

<i>Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad:</i>	<i>kr 100 000,-</i>
<i>Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond)</i>	<i>kr 40 000,-</i>
<i>Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service</i>	<i>kr 60 000,-</i>

Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga

PS 78/16 Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020

Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.

Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:

- 1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
- 2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*
- 3. Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.*

Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.

4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

- varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).

For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.

Handsaming:

Margrete Bjerkvik, Krf, kom med fylgjande endringsframlegg til planen:

*Punkt 4.2 *5 Ta bort siste setning : Skjenketida kan i ein skilde høve utvidast etter søknad.*

*Punkt 4.2*6 Ta bort: For skjenkestader lokalisert utanfor tettstadsområde og på stader der naboar ikkje vert sjenert kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.*

*Punkt 4.2*7 Ta bort: Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.*

Rebecca Riise Bjerknæs, SP, kom med fylgjande endringsframlegg til planen i kap. 5, Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

Stryk nest siste kulepunkt:

Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.

Det vart halde gruppemøte.

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknæs fekk 19 røyster og vart vedteke. 8 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Kommunestyret vedtek "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", slik den ligg føre som vedlegg 1.

Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Dette gjer at:

- 1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
- 2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*
- 3. Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 trer i kraft 01.10.2016 og er gjeldande til ny plan vert vedtatt.*

Tilråding til endringar i alkoholpolitisk handlingsplan.

4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

• *varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.*

• *varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.*

• *Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.*

• *Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).*

For skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar.

Nest siste kulepunkt i kap. 5, Konsept det ikkje vert gitt løyve til, skal strykast:

Løyve når det er arrangement for unge under 18 år. Ein kan gjere unntak frå denne regelen dersom der er arrangement med fysisk avskilte soner for dei under 18 år og for type arrangement som er oversiktelege og kontrollerbare.

PS 79/16 Kommunen sin kriseberedskap -Planverk mm

Tilråding i formannskapet - 07.06.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner kommunens overordna planar for beredskap/kriseleiing slik dei følgjer av vedlegga 1-4 i denne saka.

Ordføraren får mynde til å gjere kurante oppdateringar/endringar i kommunen sine overordna planar for beredskap/kriseleiing.

Handsaming:

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen til vurdering:
Kommunepsykologen vert lagt til som medlem nr 11 i kriseleiingsgruppe for Volda.

Jenny Venås, Frp, kom med fylgjande oversendingsframlegg til administrasjonen:

Kommunestyret bed administrasjonen merkar seg innlegget som ble gjort av representant Jenny Venås ang. vedlegg 2 : punkt 1. samband og punkt 3. Maritime ressurser og retter opp/ presiserer / endre evt. Feil i beredskapsplanen i høve dette.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Oversendingsframlegga frå Åshild Vik og Jenny Venås vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Kommunestyret godkjenner kommunens overordna planar for beredskap/kriseleiing slik dei følgjer av vedlegga 1-4 i denne saka.

Ordføraren får mynde til å gjere kurante oppdateringar/endringar i kommunen sine overordna planar for beredskap/kriseleiing.

Oversending til administrasjonen til vurdering:

Kommunepsykologen vert lagt til som medlem nr 11 i kriseleiingsgruppe for Volda.

Kommunestyret bed administrasjonen merkar seg innlegget som ble gjort av representant Jenny Venås ang. vedlegg 2 : punkt 1. samband og punkt 3. Maritime ressurser og retter opp/ presiserer / endre evt. Feil i beredskapsplanen i høve dette.

PS 80/16 Bustadfelt K10- Engeset/ KleppFastsetjing av tomtepris

Formannskapet si tilråding - 07.06.2016 til kommunestyret:

- I salspris for feltet skal anleggkostnad for fylgjande kostnadselement reknast inn og fordelast på tomtene i reguleringsplan K10 Engeset/ Klepp:*
 - Tekniske anlegg for vegar, grønstruktur/ leikeplassar, gangstiar, va- anlegg og veglys.*
- Kjøpesum vert fastsett slik:*

Kostnader tekniske anlegg skal fordelast på 11 tomteiningar med:

 - 50 % av opparbeidingskostnad vert delt med lik sum pr. eining.*

- 50 % av opparbeidingskostnad vert delt i høve til netto tomteareal på kvar eining.

Dette gir slik pris for tekniske anlegg pr. 15.03.2016:

- Pr. eining: kr. 328.355,-
- Pr. m2: kr. 344/ m2 netto tomt.

Kostnader for grunn:

Grunnpris var pr. juni 2015 kr. 72,31 pr. m2 med utgangspunkt i grunnpris for brun sone i Engeset Klepp. Justert med konsumprisindeks fram til 15.03.2016 vert pris 74,01 kr/ m2 for bruttoareal i K10. Bruttoareal K10 utgjer 17900 m2. Nettoareal tomtegrunn utgjer 10500 m2. Grunnpris pr. m2 netto tomt pr. 15.03.2016 vert då 126 kr./ m2. Samla grunnkjøpskostnader skal fordelast i høve til netto tomteareal på kvar tomt.

3. *I tillegg til salssummen kjem oppmålingsgebyr og tinglysing av målebrev, tinglysing av skøyte og eingongsgebyr for tilkopling av vatn- og avlaupsanlegg til ei kvar tid gjeldande satsar.*
4. *For tomter selde etter 15. mars 2016 skal det reknast ein prisauke som tek utgangspunkt i konsumprisindeks pr. 15. mars 2016.*
5. *Salsvilkåra for tomtene i K10 Engeset- Klepp, vert godkjende slik dei ligg føre som vedlegg til denne sak.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

1. ***I salspris for feltet skal anleggskostnad for fylgjande kostnadselement reknast inn og fordelast på tomtene i reguleringsplan K10 Engeset/ Klepp:***
 - ***Tekniske anlegg for vegar, grønstruktur/ leikeplassar, gangstiar, va- anlegg og veglys.***
2. ***Kjøpesum vert fastsett slik:***
Kostnader tekniske anlegg skal fordelast på 11 tomteeiningar med:
 - ***50 % av opparbeidingskostnad vert delt med lik sum pr. eining.***
 - ***50 % av opparbeidingskostnad vert delt i høve til netto tomteareal på kvar eining.***

Dette gir slik pris for tekniske anlegg pr. 15.03.2016:

- Pr. eining: kr. 328.355,-
- Pr. m2: kr. 344/ m2 netto tomt.

Kostnader for grunn:

Grunnpris var pr. juni 2015 kr. 72,31 pr. m2 med utgangspunkt i grunnpris for brun sone i Engeset Klepp. Justert med konsumprisindeks fram til 15.03.2016 vert pris

74,01 kr/ m2 for bruttoareal i K10. Bruttoareal K10 utgjør 17900 m2. Nettoareal tomtegrunn utgjør 10500 m2. Grunnpris pr. m2 netto tomt pr. 15.03.2016 vert då 126 kr./ m2. Samla grunnkjøpskostnader skal fordelast i høve til netto tomteareal på kvar tomt.

3. *I tillegg til salssummen kjem oppmålingsgebyr og tinglysing av målebrev, tinglysing av skøyte og eingongsgebyr for tilkopling av vatn- og avlaupsanlegg til ei kvar tid gjeldande satsar.*
4. *For tomter selde etter 15. mars 2016 skal det reknast ein prisauke som tek utgangspunkt i konsumprisindeks pr. 15. mars 2016.*
5. *Salsvilkåra for tomtene i K10 Engeset- Klepp, vert godkjende slik dei ligg føre som vedlegg til denne sak.*

PS 81/16 Planid 200700-01 - Volda Fergekai- rv. 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvaltningsstyret sak PS86/15 - 8.12.2015

Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret

1. *Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*
2. *Kommunestyret sluttar seg til dei retningslinjer som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.*
3. *Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaien no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.*

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart lagt ut på lesebretta den 15.06.16.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

1. *Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*

- 2. Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.*
- 3. Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.*

PS 82/16 Søknad om midlar til kartlegging av prosjekt "Destinasjon Volda"

Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.
Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.*
- 2. Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.*
- 3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

- 1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.
Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.*

2. *Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.*
3. *Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.*

PS 83/16 Opprette fleire lærlingstillingar i Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 31.05.2016 til kommunestyret:

Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.

PS 84/16 Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016

Tilråding i Driftsstyret - 01.06.2016 til kommunestyret:

Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016 vert teken til vitende.

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Tilstandsrapport Voldaskulen 2015-2016 vert teken til vitende.

PS 85/16 Framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget

Tilråding i Driftsstyret - 01.06.2016 til kommunestyret:

Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.

PS 86/16 Val av forliksråd for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020

Tilråding i Valnemnda - 16.06.2016 til kommunestyret:

Følgjande vert valt som medlem/varamedlem i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.2020.

1. Medlem:

- 1. Petter Espe*
- 2. Torill Rødven Eide*
- 3. Håvard Strand*

Varamedlem:

- 1. Magnar Sunde*
- 2. Gudrun Solstad Tokle*
- 3. Rebecca Riise Bjerknæs*

2. Petter Espe vert valt til formann.

Handsaming:

Protokoll med tilråding frå valnemnda, som hadde hatt møte tidlegare på dag, vart utdelt på møtet.

Ordføraren kom med framlegg om å byte ut tittelen «formann» med «leiar».

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda med endringa frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2016

Følgjande vert valt som medlem/varamedlem i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.2020.

1. Medlem:

- 1. Petter Espe*
- 2. Torill Rødven Eide*
- 3. Håvard Strand*

Varamedlem:

- 1. Magnar Sunde*
- 2. Gudrun Solstad Tokle*
- 3. Rebecca Riise Bjerknes*

2. Petter Espe vert valt til leiar.

PS 87/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

PS 88/16 Delegerte saker frå avdelingane

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 18:35.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
17.06.2016

Unni Strand
Sekr.